



Tommy Veland
Stranda 792
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/6683 - 14/21707

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
24.09.2014

Svar på søknad om avkjørsle - gbnr 11/8 - Hølleland

Teknisk drift syner til brev datert 18.09.14 vedkommande søknad om etablering av ny avkjørsle gbnr 11/8 - Hølleland

Vedtak:

Teknisk drift vil gje løyve til etablering av avkjørsle fra kommunal veg – gbnr 11/8 – Hølleland på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegenormal N100 (tidlegare handbok 017). Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsone skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegenivå.
- Ytterligare informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdata.no (Veglova og forskrift av 1964) og www.vegvesen.no (vegenormal N100).
- Avkjørsle skal være felles for ny garasje og eksisterande bygg på parsellen. Eksisterande avkjørsle skal samanføyast med ny avkjørsle.
- Avkjørsla skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart datert Teknisk drift, VVA, 24.09.14.

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadpliktig til bygesak.

Det er Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», samt vegenormal N100 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler fra offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på



vilkår som nemnt ovanfor. Er arbeid med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter løyvet er gitt, fell løyvet bort.

Klage:

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan vedkommande part har nytt høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart gbnr 11-8

Kopi til:

Lindås kommune ved vegavdelinga
Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Tommy Veland

Stranda 792

5993

OSTEREIDET